

Fra: Alfred Jens Bjørlo (Alfred.Jens.Bjorlo@vlfk.no)

Sendt: 12.06.2021 08:21:28

Til: Politisk

Kopi: Jon Askeland

Emne: Spørsmål om lærebøker på nynorsk til Fylkestinget 16.-17. juni 2021

Vedlegg:

Spørsmål til Fylkestinget 16.-17. juni 2021

Kva vil Vestland fylkeskommune som skuleeigar gjere for å sikre at lærebøker og andre læremiddel ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid for elevane i vidaregåande skule kuleåret 2021/22, slik at reglane i opplæringslova om jamstilling mellom nynorsk og bokmål blir følgde for elevane i Vestland?

Bakgrunn

Kommunar og fylkeskommunar spelar ei sentral rolle i språkpolitikken. Ikkje minst gjeld dette i Vestland, som Noregs største nynorskfylke.

Opplæringslova slår fast at lærebøker og andre læremiddel skal ligge føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris, for å sikre nynorskelevar ei like god lese- og skriveopplæring som bokmåselevar.

I overgangen til Fagfornyninga har det i inneverande skuleår skjedd mange grove brot på denne regelen i opplæringslova – også i vidaregåande skular i Vestland. Eit fåtal av læreverka var klar til skulestart sist haust, og nynorsk-utgåvene har jamnt over vore klare ein dryg månad seinare enn bokmål. I nokre tilfelle har det vore langt verre enn det også. Til dømes fekk elevane på VG1 TIP ved Odda vidaregåande skule si siste lærebok på nynorsk siste veka i mai – rett før skuleåret var slutt.

Det er grunn til å frykte at liknande skeivutgiving vil skje i fagfornyninga på vg2-trinnet komande skuleår. Dersom bokmåls-variantane systematisk kjem tidlegare enn nynorsk-variantane, vil det i praksis seie at skular og elevar blir pressa over til bokmål – på grunn av ein praksis som er i direkte strid med opplæringslova.

Vestland fylkeskommune må som skuleeigar snarast gripe tak i denne situasjonen, og bruke si makt som det største nynorskfylket i landet til å få slutt på denne lovstridige praksisen.

Alfred Bjørlo, Venstre